**AVGJERD I EØS-KOMITEEN**
**nr. 18/2007**

**av 27. april 2007**

**om endring av vedlegg II til EØS-avtala (Tekniske forskrifter, standardar, prøving og sertifisering)**

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, endra ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla "avtala", særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

1) Vedlegg II til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 6/2006 av 27. januar 2006([1]).

2) Kommisjonsvedtak 2006/340/EF av 8. mai 2006 om endring av vedtak 2001/171/EF av 19. februar 2001 om lenging av tidsrommet som vilkåra for eit unntak for glasemballasje med omsyn til dei nivåa for konsentrasjon av tungmetall som er fastsette i europaparlaments- og rådsdirektiv 94/62/EF, skal gjelde for([2]) skal takast inn i avtala –

TEKE DENNE AVGJERDA:

*Artikkel 1*

I vedlegg II kapittel XVII nr. 7d (kommisjonsvedtak 2001/171/EF) i avtala vert følgjande lagt til:

", endret ved:

– **32006 D 0340**: Kommisjonsvedtak 2006/340/EF av 8. mai 2006 (EUT L 125 av 12.5.2006, s. 43)."

*Artikkel 2*

Teksta til vedtak 2006/340/EF på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske union*, skal verte gyldig.

([1]) TEU L 92 av 30.3.2006, s. 26, og EØS-tillegget til TEU nr. 17 av 30.3.2006, s. 7.
([2]) TEU L 125 av 12.5.2006, s. 43.

*Artikkel 3*

Denne avgjerda tek til å gjelde 28. april 2007, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i avtala(*).

*Artikkel 4*

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske union*.

Utferda i Brussel, 27. april 2007.

For EØS-komiteen

***A. Seatter***

Formann

(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.